



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **3. november til 9. november**



Måndag 3. Kl. 11.30 - Dagkino - Bømlo kulturhus

Dagkino er eit tilbod til vaksne. Ein sosial møteplass der ein kan nyta ein kopp kaffi eller te både før og etter filmen. Bill.pris kr 150



Måndag 3. Kl. 16.00 - Bok og Strikk - Hillestveit filial

Kom for sosialt samvær, ta med strikk eller anna handarbeid og få ein kopp kaffi. Det blir formidling av bøker.



Onsdag 5. Kl. 10.00 - Aktiv til 100 - Gapahauk i Stangervågen

Bli med Bømlo turlag på tur til Stangervågen. Passar for alle. Oppmøte og start ved parkeringsplass Brubakken.

Kontaktperson: Harald Fadnes, tlf 913 48 499



Onsdag 5. Kl. 18.00 - Frå Cape Town til Nordkapp på sykkel - Bømlo kulturhus

Bømlo turlag og Bømlo folkebibliotek inviterer til foredrag med Teresie Hommersand. Bli med på ei unik reise på to hjul, gjennom spektakulære landskap, rike kulturar, lammande 50 °C og bitande -30 °C. Arrangementet er gratis, men ein må ta ut billett på www.kulturhus.no for å sikre seg plass.



Fredag 7. Kl. 19.00 - Bokbad med Ruth Lillegraven - Kulturhuskafeen

Bømlo folkebibliotek og Falturiltur festivalen inviterer til bokbad, der Ruth Lillegraven blir bokbada av Selma Lønning Aarø. Med serien om Clara Lofthus har Lillegraven skrive seg rett inn i toppen av norsk krim. Arr. er ein del av Falturiltu festivalen. Festivalpass kan nyttast her. Enkeltbillett kan du kjøpa på bomlokulturhus.no

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Digital post – kva passar best for deg?

I Noreg har du fleire måtar å motta digital post frå det offentlege og private på.

Digipost: Posten Norge si digitale postkasse. Du kan lagre egne dokument, men ikkje svare direkte. All post kjem digitalt – ikkje på papir.

Altinn: Brukt av det offentlege for kommunikasjon med næringsdrivande og privatpersonar. Her kan du svare og ha dialog. Opnar du ikkje posten innan 2 dagar, blir han sendt som papirpost.

Gje ektefelle eller pårørende tilgang til Digipost

Dersom du treng hjelp til å følge med på posten, kan du gi tilgang til nokon du stolar på:

- Gå til profilen din i Digipost og vel Tilgangar
- Del tilgang via QR-kode eller Digipost-adresse
- Den andre personen må ha Digipost-konto
- Dei får varsel og kan lese/svare på vegner av deg, men ikkje endre innstillingar

Vil du avslutta Digipost og få post på papir

Vil du slutte å bruke Digipost og heller få post frå det offentlege i Altinn eller på papir?

Avslutt Digipost:

- Logg inn på [digipost.no] → Profil → Kontoinnstillinger → Deaktiver konto
- Etter 3 månader blir alt sletta permanent.

Reserver deg mot digital post:

- Gå til [brukerprofil.difi.no/minprofil] og vel Reserver deg mot digital post
- Du kan også ringe ID-porten brukerstøtte: 800 30 300

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post: postmottak@bomlo.kommune.no

Telefon: 53 42 30 00